

Rusten satsar vidare på Uskedalen

16.01.2015



Dette er Børneseigedomen som Rusten også satsar på

Den energiske og ustoppelige investor Geir Rusten er framleis like ivrig når det gjeld å satsa på Uskedalen. Uskedalen Brygge og Eikelandet Brygge er fullført og no tek han fatt på Nausthaugen 2. Den tidlegare daglegvarebutikken vil få 4 eller 6 bueiningar. Og det stoppar ikkje der. Rusten har lenge hatt planar om vidare utbygging av Uskedalen Brygge og no er han også inne i biletet på Børnes.



I Nausthaugen 2 vert det 4 eller 6 bueiningar

Nausthaugen 2 kjøpte han for 5 år sidan og der held einmannsfirmaet Sunnhordland Elektroservice hus. Per Ivar Ingebrigtsen som driv der har 50 prosent og Rusten 50 prosent.



[Då Geir Rusten overtok prosjektet på Eikelandet vart dette biletet teke](#)

No har imidlertid dette selskapet overteke det som før var Kvinnherad Byggutvikling på Børnes og som består av 3 mål tomt, eit bygg på 250 kvadratmeter og ein rubbhall på 150 kvadratmeter. Dit skal Ingebrigtsen flytta og ser fram til å få meir plass. På Nausthaugen er han svært trangbodd.

Det som skal skje med den tidlegae forretningsgarden er ikkje klart i detalj førebels. Rusten har ikkje bestemt seg for om det skal bli 4 eller 6 bueiningar. Satsar han på 4 får han plass til garasjer og parkering. Satsar han på 6 må det byggjast boder uke, Men det er ikkje lenge før prosjektet kjem igang - teikningar føreligg og førehandsmøte er halde.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen